SVEIO KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: **tysdag 25. november 2014**

Tid: **kl. 18.00**

Sted: **Kommunestyresalen, Sveio kommunehus**

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som sms til mobiltlf. 959 86 979, eller på e-post: *post@kontrollutvalgene.no*

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidlig som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på ***www.kontrollutvalgene.no***.

Rådmannen er invitert/kalla inn til å orientere i sak 30/14.

Sakliste:

27/14 Godkjenning av protokoll frå møte 23.09.14

28/14 Referat- og orienteringssaker 25.11.14

29/14 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2014

30/14 Sveio kommunes budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 – rådmannen sitt framlegg

31/14 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt for levering i 2015

32/14 Møteplan for 2015

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 19.11.14

Toril Hallsjø

Håkon Skimmeland
leiar (sign.)

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert/kalla inn)
Varamedl. (til orientering, med unnatak av K. Ekrene som må møte for A. Bårtvedt)

SVEIO KOMMUNE

Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saksnr**
Kontrollutvalet	25.11.14	**27/14**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 23.09.14

Vedlegg: Protokoll 23.09.14

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 23.09.14 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 23.09.14 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 17.11.14

Toril Hallsjø

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **23. september 2014** blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Håkon J. Skimmeland.

MØTESTAD:	Kommunestyresalen, Sveio kommunehus
MØTESTART/-SLUTT:	kl.17.30 – kl. 19.30
MØTANDE MEDLEMMER:	Håkon J. Skimmeland (Ap), Kristi Henden Tveitaskog (Sp), Oddbjørg Hovland (MDG/SV) og Andreas Bårtvedt (H)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Bjørnar Økland (MDG/SV)
FORFALL:	Tor Røkenes (V)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltn.revisor Ole Willy Fundingsrud og Ingvill Strand, KPMG, Bergen
ANDRE SOM MØTTE:	Økonomisjef Peter O. Lura i sak 21/14
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 18/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 11.06.14

Sekretariatet si innstilling:
Protokollen frå møte i kontrollutvalet 11.06.14 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 23.09.14:
Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.09.14:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 11.06.14 blir godkjent slik han føre.

SAK 19/14 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 23.09.14

22. Statusoversikt september 2014
23. Protokoll – representantskapsmøte 28.05.14 – Krisesenter Vest IKS
24. KS sitt brev 05.08.14 om det vidare arbeidet med ein kommunereform

Handsaming i kontrollutvalet 23.09.14:

22. Utvalssekretær gjekk gjennom statusoversikt.
24. Leiar viste til vedtak i kommunestyremøte dagen før der Haugaland Vekst IKS fekk mandat til å laga ei utgreiing. Våren 2016 skal det fattast vedtak i kommunane, hausten 2017 i Stortinget og iverksetting 2020. Dette er ei sak som engasjerer og som vil ha fokus i åra framover.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.09.14:

Kontrollutvalet tar referatsakene 22-24 til orientering.

SAK 20/14 REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2014

Sekretariatet si innstilling:
Sveio kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2043 frå oppdragsansvarleg revisor Willy Hauge, KPMG AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 23.09.14:
Sekretær gikk i gjennom erklæringa. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.09.14:

Sveio kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2014 frå oppdragsansvarleg revisor Willy Hauge, KPMG AS til orientering.

SAK 21/14 OPPFØLGING AV REVISORS MERKNADER TIL REKNESKAPEN 2013

Sekretariatet si innstilling:
Sveio kontrollutval tar rådmannen sitt svar på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2013 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 23.09.14:
Økonomisjefen gjekk igjennom innhaldet i svarbrevet. Leiar opplyste at kommunestyret hadde kome med skryt om betre rapporteringsrutinar. Revisor kunne også opplyse at oppdragsansvarleg revisor hadde kome med gode tilbakemeldingar til forbetringar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.09.14:

Sveio kontrollutval tar rådmannen sitt svar på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2013 til orientering.

SAK 22/14 BUDSJETT 2015 – KONTROLL OG TILSYN - UTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:
Samla budsjett for ansvar 10010 Revisjon og kontrollutval i Sveio kommune vert på i alt **kr 572.000 eks mva** for 2015 fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet	kr	46.000
Kjøp av sekretærtenester	kr	153.000
Kjøp av revisjonstenester	kr	373.000

Handsaming i kontrollutvalet 23.09.14:
Utvalssekretær gjorde greie for oppsettet. Leiar viste til at dette er lovpålagte oppgåver. Opplæring av nye folkevalde neste haust blei drøfta. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.09.14 og innstilling til kommunestyret:

Samla budsjett for ansvar 10010 Revisjon og kontrollutval i Sveio kommune vert på i alt ***kr 572.000 eks mva*** *for 2015 fordelt på følgjande:*

Kontrollutvalet	*kr*	*46.000*
Kjøp av sekretærtenester	*kr*	*153.000*
Kjøp av revisjonstenester	*kr*	*373.000*

SAK 23/14 REVISJONSAVTALEN – BRUK AV OPSJON TIL 30.06.16

Sekretariatet si innstilling:
Sveio kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Sveio kommune i perioden 01.07.15–30.06.16.

Handsaming i kontrollutvalet 23.09.14:
Utvalssekretær gjorde greie for saka. Utvalet hadde ingen merknad til bruk av opsjon.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.09.14 og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Sveio kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

SAK 24/14 REGLEMENTET TIL KONTROLLUTVALET – ENDRING VEDK. KAP. 8 OM HØYRING

Sekretariatet si innstilling:
Sveio kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Sveio kontrollutval som følgje av lovendring om kontrollutval og lukking av møte.

Innleiinga til kapittel 6 og kapittel om 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

Handsaming i kontrollutvalet 23.09.14:
Leiar og utvalssekretær gjorde greie for saka. Utvalet gjorde merksam på feil kommunenamn i vedlegg 1 under kap. 4. Utvalssekretær rettar dette før oversending av sak. Elles hadde utvalet ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.09.14 og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Sveio kontrollutval som følgje av lovendring om kontrollutval og lukking av møte.

Innleiinga til kapittel 6 og kapittel om 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

SAK 25/14 INVITASJON – SELSKAPSKONTROLL – HAUGALAND KRAFT AS OG HAUAGALAND NÆRINGSPARK AS - PROSJEKTPLAN

Sekretariatet si innstilling:

1. Sveio kontrollutval bestiller selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i samarbeid med dei andre eigarkommunane, i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

2. Totalramma blir sett til 380 timer. Timetalet blir delt på eigarkommunane i samsvar med eigardel i selskapet.

3. Sveio kontrollutval har ikkje innvendingar mot at utvalsleiarane for Karmøy og Haugesund får hovudansvaret for å godkjenne endeleg prosjektplan, timefordeling og gjennomføring av prosjektet.

Handsaming i kontrollutvalet 23.09.14:
Leira gjorde greie for invitasjonen og gjekk i gjennom problemstillingane. Utvalet var oppteken av kva grad av mynde styret har, sett i ljos av vedtak gjort av representantskapet. Utvalet meinte at krav til overskot/utbytte til kommunane var å kaste rekninga over på kundane. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.09.14:

1. *Sveio kontrollutval bestiller selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i samarbeid med dei andre eigarkommunane, i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS.*

2. *Totalramma blir sett til 380 timer. Timetalet blir delt på eigarkommunane i samsvar med eigardel i selskapet. For Sveio kontrollutval vil det utgjere 19 timar.*

3. *Sveio kontrollutval har ikkje innvendingar mot at utvalsleiarane for Karmøy og Haugesund får hovudansvaret for å godkjenne endeleg prosjektplan, timefordeling og gjennomføring av prosjektet.*

SAK 26/14 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «SPESIALPEDAGISKE TILTAK – SVEIO KOMMUNE»

Sekretariatet si innstilling:

1. Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Spesialpedagogiske tiltak» og tek rapporten til orientering.

2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sitt hovudbodskap og tilråding om ei fellessamling.

3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 23.09.14:
Revisor Ole Willy Fundingsrud gjekk igjennom hovudfunna i rapporten. Kommunen følgjer lovverket, det er gode prosessar og rutinar og dei undersøkte mappene viste at «det er på stell». Talet på born med tiltak er ikkje spesielt høgt. Ressursane ligg noe over snitt. Revisor Ingvill Strand presenterte faktatal når det gjaldt omfang og organisering. I følgje nasjonale tal aukar omfang av tiltak med klassetrinna. I Sveio er trenden motsett, som kan skyldast det vert lagt vekt på tidleg innsats. Hovudtilrådinga gjekk på meir samarbeid/samkøyring mellom skulane. Utvalet kom med kommentarar og spørsmål. Utvalet uttrykte at dei var nøgd med rapport og tilråding.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.09.14 og innstilling til kommunestyret:

1. *Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Spesialpedagogiske tiltak» og tek rapporten til orientering.*

2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sitt hovudbodskap og tilråding om ei fellessamling.*

3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

EVENTUELT

Ingen saker var meldt eller tatt opp i møtet.

Neste møte er **25. november** kl. 18.00.

Sveio/Aksdal, 23. september 2014

Toril Hallsjø

Håkon J. Skimmeland (sign.)
kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saksnr**
Kontrollutvalet	25.11.14	**28/14**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Toril Hallsjø	216	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 25.11.14

Vedlegg:

25. Statusoversikt november 2014
26. Komm. styrevedtak 03.11.14, sak 72/14 – Reglementet for Sveio kontrollutval
27. Komm. styrevedtak 03.11.14, sak 73/14 – Forvaltningsrev. rapport – spes.ped. tiltak
28. Komm. styrevedtak 03.11.14, sak 74/14 – Revisjonsavtalen – bruk av opsjon
29. TBU: 1,75 prosent – artikkel frå Kommunal Rapport 17.11.14
30. Oppsummering frå konferansen til Forum for kontrollutval i Rogaland

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar referatsak 25 – 30 til orientering.

Aksdal,18.11.14

T. Hallsjø

Toril Hallsjø
Utvalssekretær

Kontrollutvalet i Sveio

Statusoversikt november 2014

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
«xxxxxxxxx»		***inntil ? timar***		Før sommar 2015	
Selskapskontroll					
Haugaland Kraft AS og Hgl Næringspark AS	09.09.14, sak 19/14	19 timar av 380 t.	Til hand-saming	Februar 2015	
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Hand-saming i KU	Hand-saming i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Pleie- og omsorgs-tenestene	16.04.13, sak 14/13	***19.11.13, sak 30/13***	***16.12.13, sak 85/13***	KU 17.06.14, sak 15/14	
«Spes. ped. tiltak»	28.01.14 sak 3/14	***23.09.14, sak 26/14***	***03.11.14, sak 73/14***	**Innen 6 mnd**	
Selskapskontroll					
Oppfølging - SIM IKS		29.04.14, 11/14	19.05.14,		
Andre saker					

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
Plan for forvaltnings-revisjon 2012-2016	22.05.12 sak 11/12	18.09.12, sak 22/12	22.10.12 sak 101/12	I 4-års perioden	Laga av KPMG as
Selskapskontroll					
Plan for selskaps-kontroll 2012-2016	-	18.09.12 sak 21/12	22.10.12, sak 100/12	I 4 års perioden	Laga av sekretariatet
SIM IKS	21.12.11 sak 25/11	18.09.12 sak 20/12	22.10.12, sak 102/12	Inga frist	Deloitte as
Andre saker					
Overordna analyse for forvaltningsrevisjon	22.05.12-	18.09.12, sak 22/12	22.10.12 sak 101/12		Laga av KPMG as

072/14: REGLEMENTET FOR SVEIO KONTROLLUTVAL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Sveio kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Sveio kontrollutval som følgje av lovendring om kontrollutval og lukking av møte.
Innleiinga til kapittel 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

03.11.2014 Kommunestyret
Votering: Samrøystes

KOM - 072/14:
Sveio kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Sveio kontrollutval som følgje av lovendring om kontrollutval og lukking av møte.
Innleiinga til kapittel 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

074/14: REVISJONSAVTALEN - BRUK AV OPSJON - SAK TIL KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Sveio kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Sveio kommune i perioden 01.07.15 – 30.01.16.

03.11.2014 Kommunestyret

Votering: Samrøystes

Sveio kommune

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anita Heggebø	N - 213	13/1026

Saksnr	Utval	Type	Dato
073/14	Kommunestyret	PS	03.11.2014

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - SPES.PED TILTAK

Prenta vedlegg:
Rapport -Spesialpedagogiske tiltak -Sveio

Saksopplysningar:

Rådmannen, 20.10.2014

Saksorientering:
Sveio kontrollutval handsama i sitt møte den 23.09.2014 sak 26/14 Forvaltningsrevisjonsrapport «Spesialpedagogiske tiltak og gjorde slikt samrøystes framlegg til vedtak:

1.Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Spesialpedagogiske tiltak» og tek rapporten til orientering.

2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sitt hovudbodskap og tilråding om ei fellessamling.

3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. *Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Spesialpedagogiske tiltak» og tek rapporten til orientering.*

2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sitt hovudbodskap og tilråding om ei fellessamling.*

Sveio kommune

3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Kommunestyret - 073/14

KOM - behandling:

Håkon Skimmeland, leiar i Sveio kontrollutval, orienterte om rapporten.

Votering: Samrøystes.

KOM - vedtak:

1. Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Spesialpedagogiske tiltak» og tek rapporten til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sitt hovudbodskap og tilråding om ei fellessamling.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

, den 03.10.2014

Anita Heggebø
Kommunalsjef oppvekst/kultur

KOMMUNAL RAPPORT

Av Ole Petter Pedersen
17. november 2014 - 11:02

TBU: 1,75 prosent er nok

Teknisk beregningsutvalg anbefaler nå kommunene å ha et **netto driftsresultat** på 1,75 prosent. Fylkeskommunene bør derimot ha langt større marginer, mener TBU.
Det kommer fram i høstrapporten til TBU, som blir publisert i dag, mandag. Helt siden 2002 har staten og KS vært enige om at netto driftsresultat for kommunesektoren burde ligge på 3 prosent. Poenget har både vært å ha en driftsmargin, å bevare verdiene sektoren allerede sitter på og å kunne sette av noe egne penger til investeringer.

Et par år senere ble momskompensasjonsordningen kraftig utvidet, slik at kommunene i praksis fikk driftsinntekter via momsrefusjon på investeringer. Nå er denne momsrefusjonen flyttet til investeringsregnskapet. Derfor har det lengevært ventet at TBU ville revurdere anbefalingen om netto driftsresultat. Svært mange kommuner bruker anbefalingen fra TBU når de selv skal sette mål for økonomisk margin i driftsbudsjettet. Anbefalingen fra TBU har derfor stor betydning.

Fylkene: 4 prosent

Konklusjonen er at kommunene bør ha et netto driftsresultat på 1,75 prosent – mens fylkeskommunene bør ligge på hele 4 prosent. Samlet gir det et anbefalt netto driftsresultat for sektoren på 2 prosent.
Som Kommunal-Rapport.no har omtalt tidligere i høst, ligger kommunene an til å budsjettere med et netto driftsresultat på 1,2 prosent for neste år. KS varslet også tidligere i høst at det i år ligger an til det dårligste netto driftsresultat på mange år; rundt 1 prosent.
Det er første gang utvalget skiller på hva som bør være målet i kommunene og fylkeskommunene. Bakgrunnen er at fylkeskommunene overtok et stort veinett fra staten i 2010.

«Forvaltningsreformen ble i stor grad finansiert gjennom økte rammetilskudd ført i driftsregnskapet og andelen av fylkeskommunenes investeringer som lånefinansieres er lavere enn før reformen. Forvaltningsreformen trekker følgelig i retning av at det anbefalte nivået på netto driftsresultat justeres opp for fylkeskommunene», skriver utvalget.

I tillegg gjelder den nye anbefalingen for kommunene som konsern, og ikke bare kommunekassene. «Argumentene for denne endringen er at kvaliteten på konserntallene har blitt bedre og at de i mindre grad enn kassetallene påvirkes av hvordan tjenesteproduksjonen er organisert», heter det i TBU-rapporten.

Økonomisjefene ba om 3 prosent

Utvalget har dermed ikke lyttet til ønsket fra økonomisjefene rundt om i kommunene. Da Kommunal-Rapport.no spurte dem tidligere i høst, var det en klar oppfatning blant dem som svarte, at 3 prosent ville være best.

Bare 10 prosent av dem som svarte oss da, mente anbefalingen burde ligge lavere enn 2 prosent. – Jeg synes det er rimelig at anbefalingen reduseres, da omleggingen har stor reell betydning for bunnlinja i kommunene.

Den bør likevel minst ligge på 2 prosent, mente Bjarte Madland, økonomisjef i Gjesdal, da. Det var en typisk reaksjon blant dem som gikk inn for å redusere nivået fra 3 prosent. For ett år siden skisserte TBU at rundt 2 prosent kunne være godt nok. Men den gang avsto utvalget fra å komme med en offisiell anbefaling.

– Gjelder ikke for alle

Utvalget, hvor både forskere, statsbyråkrater og kommunesektoren er representert, understreker at anbefalingen gjelder for kommunesektoren samlet.
«Anbefalingene må derfor betraktes som tommelfingerregler, snarere enn fasitsvar på hva som er «riktige» nivåer på netto driftsresultat», heter det i rapporten.

«Flyttingen av momskompensasjon for investeringer fra driftsregnskapet til investeringsregnskapet medfører ingen endring i kommunenes økonomiske situasjon. Flyttingen kan likevel få betydning for den enkelte kommune. (...) Flyttingen vil først og fremst representere en utfordring for kommuner hvor driftsresultatet har vært lavere enn momskompensasjon for investeringer», påpeker TBU.

FORUM FOR KONTROLLUTVALG I ROGALAND

Høstkonferansen 2014

Quality Hotel Residence, Sandnes

20. november 2014

Tema for årets konferanse er **ERFARINGSUTVEKSLING**. Forum for kontrollutvalg i Rogaland har som formål å være en arena for utveksling av erfaringer. Hva kan vi lære av hverandre? Vi har invitert noen kontrollutvalgsledere til å dele sine erfaringer med oss. Det er satt av tid til kommentarer og meningsutveksling til de tre første innleggene.

PROGRAM

10:00	**Velkommen** *Ivar Finnesand – leder av arbeidsutvalget*
10:05	**Granskning av Uni-K AS** *Torleif Lothe, Leder av kontrollutvalget i Haugesund kommune*
10:45	Pause
11:00	**Utfordrende saker for kontrollutvalgene** *Steinar Torgersen, Leder av kontrollutvalget i Stavanger kommune*
11:45	**Årsmøte 2014** – Forum for kontrollutvalg i Rogaland
12:00	**Lunsj**
13:00	**Hvordan gjøre kontrollutvalgets arbeid givende og spennende** *Trond Roy Pedersen, leder av kontrollutvalget i Time kommune*
13:45	Pause
14:00	**Medieblikk** *Ståle Frafjord, Journalist*
14:45	**Avslutning**

Pris **kr 900.-** pr. person

Påmelding innen **7. november** ved å sende e-post til mette.jensen.moen@rogfk.no med navn, verv/funksjon, kommune/firma og mailadresse. Du kan også melde deg på ved å ringe tlf. 51 51 69 85 / 97 09 03 18. Kontrollutvalgsmedlemmer som oppgir mailadresse vil få årsmøtesakene tilsendt via e-post før konferansen.

VELKOMMEN!

For forum for kontrollutvalg i Rogaland
Kontroll- og kvalitetsutvalgets sekretariat,
Rogaland fylkeskommune

SVEIO KOMMUNE

Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saksnr**
Kontrollutvalet	25.10.14	**29/14**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Toril Hallsjø	216	

Kan bli behandla i lukka møte - Offl. § 24/KL § 31 nr 5

REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2014

Vedlegg: Revisjonsplan Sveio kommune 2014 - Ikkje offentleg Offl. § 24/KL § 31 nr 5 .

Bakgrunn

Ifølge kommuneloven § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet "*påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte*". Tilsynet blir gjennomført bl.a. ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa skal dekke både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet.

I følgje forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk skal revisor årleg utarbeide ein plan for revisjon av rekneskapet. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføre for å kunne bekrefte rekneskapet.

Vedlagt følgjer KPMG sin revisjonsplan for Sveio kommune, som viser korleis revisor planlegger årets og neste års revisjon for rekneskapsåret 2014.

Vedlegget er eit internt arbeidsdokument, og vil ikkje bli lagt ut på kommunen sine nettesider, men berre sendt til kontrollutvalet og administrasjonen.

Revisor vil gje ein muntleg orientering til utvalet om hovedtrekka i arbeidet. Desse opplysningane som kjem fram i møtet kan vere unntatt offentlegheit og møtet kan difor bli lukka, jfr. i medhold av Offentleglova § 24/ kommuneloven § 31 nr 5.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval tar revisor sin presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsåret 2014 til orientering.

Aksdal, 19.11.14

T. Hallsjø

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KOMMUNE

Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saksnummer**
Kontrollutvalet	25.11.14	**30/14**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Toril Hallsjø	150	

SVEIO KOMMUNES BUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2015-2018 – RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG

Bakgrunn

Som kommunen sitt tilsynsorgan bør kontrollutvalet følgje med i utviklinga av kommunen si drift. Utvalet deltek ikkje i sjølve handsaminga av kommunen sine økonomirapporter, men det har vore delvis praksis at kontrollutvalet får dei rapporter som blir lagt fram for kommunestyret til orientering. Eventuelle kommentarar til rekneskapen frå kontrollutvalet si side vert gjeve i samband med handsaminga av årsrekneskapen om våren (året etter).

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Utvalet er i sitt arbeid berre underlagt kommunestyret, ikkje rådmannen. Framlegget kan derfor bare endrast politisk. Rådmannen legg fram sitt framlegg til saldert budsjett med heimel i kommunelova §§ 44-48 og KDR si forskrift frå 15.12.00

Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen blei fastsett i møte 23.09.14, sak 22/14. Forskrifta pålegg at kommunen sørgjer for at framlegget følgjer formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Som **ikkje-mangfoldiggjort vedlegg** til denne saka ligg rådmannen sitt framlegg til budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018. Budsjettframlegg vil bli lagt ut på kommunen sin nettside www.sveio.kommune.no og vil bli sendt ut medlemmene i trykt utgåve.

Budsjettframlegget inneheld rådmannen sine kommentarar, kommentarar frå organisasjonen, ulike budsjettskjema, tiltaksliste, hovudoversikt og detaljbudsjett for ansvarsområda. Økonomiplan og sak om kommunalavgifter 2015 vert handsama i formannskapet i møte 01.12.14 og endeleg vedtak vil bli gjort i kommunestyremøte 15.12.14. Rådmann og/eller økonomisjef er av sekretariatet invitert til å gjere greie budsjettframlegget under møtet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar budsjettframlegget til Sveio kommune sitt budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 til orientering.

Aksdal, 19.11.14

T. Hallsjø

Toril Hallsjø
Utvalssekretær

SVEIO KOMMUNE

Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saksnr**
Kontrollutvalet	25.11.14	**31/14**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Toril Hallsjø	217	

VAL AV FORVALTNINGREVISJONSPROSJEKT FOR LEVERING I 2015

Bakgrunn:
Etter forskrift om kontrollutval skal kommunen *årleg* bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør nå ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å få gjennomført i 2015. Revisor sitt utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet vil då bli lagt fram for utvalet sitt fyrste møte på nyåret.

Kommunestyret vedtok Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 i møte 22.12.12, sak101/12. Kontrollutvalet har fått delegert mynde å gjere endringar i planen i planperioden dersom dei finn meir høveleg.

Følgjande prosjekt blei sett opp som prioriterte prosjekt:

- ~~Helse og omsorg~~ *(rapport om økon. styring i pleie og omsorg ferdig hausten 2013)*
- Vedlikehald av kommunale bygg
- Organisering
- HMS
- ~~Økonomistyring~~
- ~~Skule~~ *(rapport om spes. ped. tiltak ferdig hausten 2014)*
- Samhandlingsreforma

Prosjekta har ikkje prioritert rekkefølgje og det vil difor vere opp til utvalet å velje ut prosjekt frå denne lista eller eventuelt eit anna prosjekt. Vedtatt plan inneheld også ein rekkje andre prosjekt som er identifiserte område lista i overordna analyse, som blei utarbeidd av KPMG i 2012. Plan og overordna analyse har vert sendt ut tidligare og vert ikkje sendt ut på nytt

Konkrete prosjekt kan også veljast ut frå:

- opplysningar kome fram under regnskapsrevisjon,
- saker som har vore handsama i kommunestyre og kontrollutval,
- administrasjonens uttalte ønske og behov,
- erfaringar frå tilsvarande forvaltningsrevisjonsprosjekt hos andre oppdragsgivarar,
- forhold som har vært framme i media, nasjonalt eller lokalt,
- tilsyn utført av fylkesmannen eller anna tilsynsorgan.

Oppslag rundt om i landet om mislighald og uetisk framferd har ført til at mange kontrollutval har ønska å sette søkelys på korleis kommunen arbeider med dette, både generelt og innan meir spesifikke tema.

Det blir derfor gjennomført prosjekt innan blant anna:

- etikk og risikostyring - retningslinjer og oppfølging
- innkjøp

Vidare er mange utval merksame når det gjeld tenestetilbodet til spesielt utsette grupper i kommunane. Det gjennomføras prosjekt innan bl.a.:

- barnevern,
- avlastning,
- rusvern,
- spesialundervisning.

Det kan og settast søkelys på korleis kommunen møter sine innbyggarar, og korleis brukarane sjølv opplever tilbodet. Normalt er brukarperspektivet inkludert i alle analyser, men det kan nemnes noen typiske eksemplar som:

- kvalitet i skulesektoren,
- innspel frå innbyggarane,
- kvalitet og produktivitet i byggesaker,
- utbyggingsområde,
- sjølvkost.

Utvalet kan velje å setje i verk revisjon på andre område enn dei som er inkludert i analysen, t.d. fordi risikotilhøva i kommunen har endra seg.

Kvart tema må nærare utdypast og avgrensast i dialog med revisor ved endeleg bestilling av undersøkinga. I bestillingsprosessen må utvalet legge spesiell vekt på utforminga av prosjektet sine problemstillingar.Problemstillingar vil som regel være formulert som spørsmål. Eit viktig føremål for forvaltningsrevisjon er å bidra til forbetring av kommunens teneste. Ein forvaltningsrevisjon, eller revisjon generelt, har fyrst oppfylt sitt føremål når den har reel effekt og fører til endringar.

Kontrollutvalet må drøfte kva prosjekt det vil velje. Når kontrollutvalet har bestemt seg vil sekretariatet be revisor komme med eit framlegg til prosjektmandat og legge fram sak om bestilling til neste møte.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "xxxxx" til fyrste møte i 2015.

Aksdal, 19.11.14

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KOMMUNE

Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saksnummer**
Kontrollutvalet	25.11.14	**32/14**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Toril Hallsjø	033	

MØTEPLAN FOR 2015

Vedlegg: Kalender 2015

Bakgrunn:
Med utgangspunkt i tidligare møtefrekvens (5 møte pr. år) er det sett opp framlegg til møteplan for kontrollutvalet for 2015. Dag og tidspunkt for møta er sett opp som før: tysdagar kl. 18.00. Neste år skal det vere kommunestyreval og dato er sett til måndag 14. september. Konstituering av kommunestyret og val av styre, råd og utval må i følgje kommunelova skje innan utgangen av oktober månad. Noverande utval vil fungere fram til nytt utval er valt.

Saksorientering:
Fyrste møte i kontrollutvalet på nyåret vil utvalet si årsmelding bli sett på sakslista. I neste møte vil kontrollutvalet gje si innstilling til årsrekneskapen og føretaka sine rekneskap.

Etter forskriftene kan ikkje formannskapet gjera vedtak før den er handsama i kontrollutvalet, dvs. at innstillingane skal følgje med. Dato for dette møtet vil difor avhenge av når det er planlagt handsaming av rekneskap og årsmelding i formannskapet. I Sveio har dei sist åra handsama rekneskapen i kommunestyremøtet i mai. Det inneber at rekneskapa og revisor si uttale må vere klare etter dei fastsette fristane i lova (15. februar og 15. april). Dette krev godt samarbeid frå alle involverte.

Etter at kontrollutvala sine møte no er opne for presse og publikum, vil det ikkje vere så lett som tidligare å endre møtedato. Møta skal kunngjerast på kommunen si nettside.

Dersom det blir endringar vil det i så fall bli gjeve melding om dette så snart dette er kjent.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Sveio vedtar følgjande møteplan for 2015:

tysdag 27.01, 28.04, 16.06, 08.09, 24.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Aksdal, 17.11.14

T. Hallsjø

Toril Hallsjø
Utvalssekretær

VEDLEGG
SAK 32/1

Oversiktskalender 2015 - SVEIO KU

Januar 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
1				1	2	3	4
2	5	6	7	8	9	10	11
3	12	13	14	15	16	17	18
4	19	20	21	22	23	24	25
5	26	27	28	29	30	31	

5○ 13◑ 20● 27◐

Februar 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
5							1
6	2	3	4	5	6	7	8
7	9	10	11	12	13	14	15
8	16	17	18	19	20	21	22
9	23	24	25	26	27	28	

IVKRF
VINTERF.

4○ 12◑ 19● 25◐

Mars 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
9							1
10	2	3	4	5	6	7	8
11	9	10	11	12	13	14	15
12	16	17	18	19	20	21	22
13	23	24	25	26	27	28	29
14	30	31					

5○ 13◑ 20● 27◐

April 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
14			~~1~~	~~2~~	~~3~~	~~4~~	~~5~~
15	~~6~~	7	8	9	10	11	12
16	13	14	15	16	17	18	19
17	20	21	22	23	24	25	26
18	27	28	29	30			

PÅSKE

4○ 12◑ 18● 26◐

Mai 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
18					1	2	3
19	4	5	6	7	8	9	10
20	11	12	13	14	15	16	17
21	18	19	20	21	22	23	24
22	25	26	27	28	29	30	31

KR4.
PINSE

4○ 11◑ 18● 25◐

Juni 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
23	1	2	3	4	5	6	7
24	8	9	10	11	12	13	14
25	15	16	17	18	19	20	21
26	22	23	24	25	26	27	28
27	29	30					

2○ 9◑ 16● 24◐

Juli 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
27			1	2	3	4	5
28	6	7	8	9	10	11	12
29	13	14	15	16	17	18	19
30	20	21	22	23	24	25	26
31	27	28	29	30	31		

2○ 8◑ 16● 24◐ 31○

August 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
31						1	2
32	3	4	5	6	7	8	9
33	10	11	12	13	14	15	16
34	17	18	19	20	21	22	23
35	24	25	26	27	28	29	30
36	31						

7◑ 14● 22◐ 29○

September 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
36		1	2	3	4	5	6
37	7	8	9	10	11	12	13
38	14	15	16	17	18	19	20
39	21	22	23	24	25	26	27
40	28	29	30				

VALG

5◑ 13● 21◐ 28○

Oktober 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
40				1	2	3	4
41	5	6	7	8	9	10	11
42	12	13	14	15	16	17	18
43	19	20	21	22	23	24	25
44	26	27	28	29	30	31	

HØSTF.
F.tiag

4◑ 13● 20◐ 27○

November 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
44							1
45	2	3	4	5	6	7	8
46	9	10	11	12	13	14	15
47	16	17	18	19	20	21	22
48	23	24	25	26	27	28	29
49	30						

3◑ 11● 19◐ 25○

Desember 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
49		1	2	3	4	5	6
50	7	8	9	10	11	12	13
51	14	15	16	17	18	19	20
52	21	22	23	24	25	26	27
53	28	29	30	31			

3◑ 11● 18◐ 25○

- 1. jan Nyttårsdag
- 21. jan Prinsesse Ingrid Alexandra, 11 år
- 6. feb Samefolkets dag
- 8. feb Morsdag
- 14. feb St. Valentines dag
- 15. feb Fastelavn
- 21. feb Kong Harald, 78 år
- 20. mar Vårjevndøgn
- 21. mar Offisielt vårjevndøgn
- 29. mar Sommertid start
- 29. mar Palmesøndag
- 2. apr Skjærtorsdag
- 3. apr Langfredag
- 5. apr 1. påskedag
- 6. apr 2. påskedag
- 1. mai Off. høgtidsdag
- 8. mai Frigjøringsdag 1945
- 14. mai Kr. Himmelfartsdag
- 17. mai Grunnlovsdag 1814
- 24. mai 1. pinsedag
- 25. mai 2. pinsedag
- 7. jun Unionsoppløsning 1905
- 21. jun Sommersolverv
- 23. jun Jonsokaften
- 4. jul Dronning Sonja, 78 år
- 20. jul Kronprins Haakon, 42 år
- 29. jul Olsokdagen
- 19. aug Kronprinsesse Mette-Marit, 42 år
- 23. sep Høstjevndøgn
- 25. okt Sommertid slutt
- 31. okt Halloween
- 1. nov Allehelgensdag
- 8. nov Farsdag
- 29. nov 1. søndag i advent
- 13. des Luciadagen
- 22. des Vintersolverv
- 25. des 1. juledag
- 26. des 2. juledag